




Trivsel og læring  
hand i hand!



Bømlo vgs.  
Vestland fylkeskommune





## Velkommen til Bømlo vidaregåande skule!

Bømlo vgs. er ein moderne og framtidsretta skule med eit variert fagtilbod.

Me tilbyr ei rekke yrkesfaglege og studieførebuande utdanningsprogram, samt undervisning i kombiklasse og i tilrettelagte grupper. Bømlo vgs. er skulen som set trivsel og læring i høgsetet.

**Slagordet vårt er: Trivsel og læring hand i hand!**

Vi er ein skule med ca. 380 elevar. Fordelen er at det blir ein tett og god relasjon mellom elevar og tilsette. Sidan vi har små klassar blir det eit betre klassemiljø der det er lettare å bli kjent med kvarandre.

### Innhald

- Side 4: Elektro og data teknologi
- Side 6: Naturbruk
- Side 8: Studiespesialisering
- Side 10: Teknologi- og industrifag
- Side 12: Helse- og oppvekstfag
- Side 14: Tilrettelagde tilbod


# To lokasjonar – ein skule

Frå 1. august 2022 vart Rubbestadnes vgs. og Bømlo vgs. slått saman. Bømlo vidaregåande skule er no plassert på to lokasjonar. Den eine ligg på Leite, nær Svortland sentrum, medan den andre er plassert på Rubbestadneset. Elevane på Rubbestadneset har ein dag i veka med fellesfag på Leite. Sjølv om elevane er delt på ulike lokasjonar, legg vi vekt på at alle skal bli kjent med kvarandre og ha eit felles miljø.

Skulebygget på Leite er hovudbase for utdanningsprogramma studiespesialisering og helse- og oppvekst. Bygget er plassert i eit fint miljø med barneskule, ungdomsskule og idrettsanlegg like ved. Ved skulen finst det flotte turterreng.

Nye Unitech Teknologisenter på Rubbestadneset er hovudbase for elektro og datateknologi, naturbruk og teknologi- og industrifag. Bygget stod klart januar 2023.

Bømlo vgs. har eit tett samarbeid med næringslivet på alle programområda.



## Studietilboda våre:

- Elektro og datateknologi
- Helse- og oppvekstfag
- Naturbruk
- Teknologi- og industrifag
- Studiespesialisering
- Påbygging til generell studiekompetanse
- Tilrettelagt opplæring



Leite



Rubbestadneset




## Elektro og datateknologi

Nesten alt vi omgjev oss med til dagleg er avhengig av straum for å fungere. Har du lyst til å jobbe med straumforsyning og elektroniske system til bustadar, industri, fly, skip, tog og køyretøy?

Elektro og datateknologi er faget for deg som er praktisk anlagt og nysgjerrig på elektrisk utstyr og elektroniske system. Her lærer du om installasjon og vedlikehald av elektroniske system. Du går 2–3 år på skule før du kan søkje lære plass i bedrift. Dersom du vil studere vidare på universitet eller høgskule kan du ta påbygg til generell studiekompetanse før eller etter læretida.





## Du kan for eksempel bli:

- elektrikar
- elektoreparatør
- energioperatør
- energimontør
- tavle-, signal- eller heismontør
- avionikar eller flymekanikar
- romteknolog
- data- eller produksjonselektronikar
- automatikar
- FU-operatør  
(fjernstyrte undervassoperasjoner)
- kulde- og varmepumpemontør



## Me tilbyr:

- Vg1 elektro og datateknologi
- Vg2 elenergi og ekom
- Vg2 automatisering
- Vg3 automatiseringsfaget

Samarbeid mellom næringsliv og skule  
er viktig for oss.

Me støttar den lokale skulen!

  
**FINNÅS  
KRAFTLAG**

# Naturbruk

**Noreg er ein leiande nasjon innanfor naturbruk og akvakultur. Du kan få drøymejobben på dei mest moderne produksjonsanlegga som finst!**


Naturbruk er faget for deg som er interessert i natur og miljø, dyr og menneske. Du går 1–2 år på skule før du kan søke læreplass i bedrift. Du kan også gå vidare på vg3 og ta yrkeskompetanse. Dersom du vil studere vidare på universitet eller høgskule kan du ta påbygg til generell studiekompetanse før eller etter læretida.





## Me tilbyr:

- Vg1 – naturbruk
- Vg2 – akvakultur



## Du kan for eksempel bli:

- fagarbeidar i akvakultur med jobbmoglegheiter på oppdrettsanlegg og mat- og settefiskanlegg

Bli med oss!

# Ekte arbeidsglede

Gjennom fokus på fiskevelferd og kontinuerleg satsing på innovasjon i alle ledd i produksjonsprosessen, har Bremnes Seashore gått i bresjen for å heve kvaliteten på norsk oppdrettslaks. Resultatet er lakseprodukt som er etterspurde over heile verda. For å halda oss i tet treng me engasjerte og dyktige medarbeidrarar. Me tar hand om heile verdikjeda og har difor behov for flinke folk på alle stadium i produksjonsprosessen.



BREMNES SEASHORE

Nokre av fagretningane me har i bedifta vår:

- Leiing
- Økonomi
- Kvalitet
- HMS
- HR
- IT
- Sal og marknadsføring

- Fagarbeidrar innan:
- Akvakultur
- Automasjon
- Industrimekanikk
- Kontorfaget
- Logistikkfaget
- Sjømatproduksjon
- Ingeniørar innan:
- Akvakultur
- Automasjon
- Biologi
- Bygg og anlegg
- Havbruk



Sjå våre ledige stillinger på:  
[seashore.no/karriere](http://seashore.no/karriere)



Me produserar årleg i gjennomsnitt




35 middagar pr. nordmann



Les meir om oss på [www.seashore.no](http://www.seashore.no)

Tlf: +47 53 42 82 00

E-post: [bremnes@seashore.no](mailto:bremnes@seashore.no)



## Studiespesialisering

**Har du allereie bestemt deg for å ta høgare utdanning?**

**Eller har du enno ikkje funne ut kva du vil satsa på?**

**Vel du studiespesialisering held du moglegheitene opne og sikrar deg kompetansen og modninga du treng for å kunne studera vidare.**



Studiespesialisering er for deg som er interessert i teoretiske fag og ønskjer å studere ved universitet eller høgskule seinare. Utdanninga er treårig og fører fram til generell studiekompetanse. Du kan òg velje fag som gir spesiell studiekompetanse.

Som elev på studiespesialisering på Bømlo vgs. får du ein aktiv, variert og spennande skulekvardag. I tillegg til fellesfaga, kan du velja mellom ei rekke programfag. Me tilbyr både realfag, språkfag, samfunnsfag og idrettsfag. Gjennom skuleåret har me fleire ekskursjonar og temadagar.

### Me tilbyr:

- Vg1 studiespesialisering
- Vg2 studiespesialisering
- Vg3 studiespesialisering

### Du kan for eksempel bli:

- |               |               |
|---------------|---------------|
| • sjukepleiar | • økonom      |
| • lege        | • sosionom    |
| • advokat     | • aksjemeklar |
| • arkeolog    | • journalist  |
| • lærar       | • politi      |
| • ingeniør    | • veterinær   |



## Påbygging til generell studiekompetanse

Med eit påbyggingsår kan du sikre deg kompetansen du treng for å studere på høgskule eller universitet.

Har du gått på yrkesfag og ønskjer å ta høgare utdanning, kan du ta påbygging til generell studiekompetanse. Du kan søkje både før og etter læretida. Utdanninga fører fram til generell studiekompetanse.

På Bømlo vgs. får du ein aktiv og spennande skulekvardag. I tillegg til fellesfaga norsk, matematikk, naturfag, historie og kroppsøving kan du velja mellom ei rekke ulike programfag. Gjennom skuleåret kan du delta på ekskursjonar og temadagar.

### Me tilbyr:


- Vg3 påbygging til generell studiekompetanse



# Eidesvik

*Your Partner in Shipping*

[www.eidesvik.no](http://www.eidesvik.no)



## Teknologi- og industrifag

Vil du jobbe med maskinar, produksjon, automatisering og programmering av robotar, eller vil du ha en karriere til sjøs? TIF er det største yrkesfaglege programområdet og opnar for mange spennande jobbar i lokale eller nasjonale bedrifter.

Teknologi- og industrifag er faget for deg som er praktisk anlagt og har interesse for mekaniske fag og automatiske system. Du går 2–3 år på skule før du kan søke lære plass i bedrift. Dersom du vil studere vidare på universitet eller høgskule kan du ta påbygg til generell studiekompetanse før eller etter læretida.

Elevane i maritime fag nyt godt av nært samarbeid med dei maritime opplæringskontora. Representantar for Maritimt opplæringskontor i Haugesund og Austevoll opplæringskontor vitjar skulen fleire gonger i skuleåret og gir råd til dei kommande lærlingane.



### BØMLØPPLÆRING

Me tilbyr service, råd og vegleiiing for lærlingar og lærebedrifter i Bømlo.

[www.bomlook.no](http://www.bomlook.no)

## Du kan for eksempel bli:

- industrimekanikar
- industrimontør
- sveisar
- matros eller motormann
- bilmekanikar
- brønnmekanikar (retta mot petroleumsindustrien)

## Me tilbyr:

- Vg1 teknologi- og industrifag
- Vg2 industriteknologi
- Vg2 maritime fag
- Vg2 automatisering (kryssløp)



## Ønskjer du lære plass?

Lærebredriftene våre er blant dei beste teknologi og industribedriftene i landet. Lærlingane får opplæring innan det siste nye i faga.

[www.yso.no](http://www.yso.no)



  
**YTRE SUNNHORDLAND  
OPPLÆRINGSKONTOR**



## Helse- og oppvekstfag

**Det er mange i samfunnet vårt som treng hjelp og omsorg. Er du glad i å ta vare på andre, og vil du ha eit yrke der ingen dagar er like?**

Helse- og oppvekstfag er faget for deg som er omsorgsfull og liker å samhandle med andre. Du går 2–3 år på skule før du kan søke lære plass i bedrift. Dersom du vil studere vidare på universitet eller høgskule kan du ta påbygg til generell studiekompetanse før eller etter læretida.

På Bømlo vgs. har me eit godt samarbeid med bedrifter, kommunar og helseføretak i distriktet. Du har yrkespraksis ein dag i veka, noko som gir deg erfaring og eit godt grunnlag for fagleg utvikling.

### Du kan for eksempel bli:

- barne- og ungdomsarbeidar
- helsefagarbeidar
- ambulancesjåfør
- apotekteknikar
- hudpleiar
- tannhelsesekretær

### Me tilbyr:

- Vg1 helse- og oppvekstfag
- Vg2 barne- og ungdomsarbeidar
- Vg2 helsearbeidarfag





## LEROY SJØTROLL TRENGER DEG TIL HAVBRUK I VERDENSKLASSE!

Vi rekrutterer læringer og fagarbeidere innen akvakultur.

Vi har behov for medarbeidere med utdanningsretninger innenfor fagfeltene teknologi, biologi og økonomi.

[www.leroyseafood.com/no](http://www.leroyseafood.com/no)

**LEROY**  
**SJØTROLL**

# Kvardagslivstrenings

Kvardagslivstrenings er eit tilbod til elevar med særskilde behov. Elevane får tilrettelagt undervisning tilpassa kvar ein skild sine føresetnader. Elevane skal vera ein del av skulefellesskapet, og me legg til rette for dette så langt råd er. Elevane deltek på ulike aktivitetar tilpassa kvar ein skild elev.

Me legg opp til eit tett samarbeid med foreldre/føresette og andre aktørar som har ansvar for elevane våre.



## Tilrettelagde tilbod

Vi tilbyr tilrettelagt opplæring for elevar som har behov for det. Opplæringa er knytt opp mot eit utdanningsprogram og tar utgangspunkt i dei faga, eller delar av faga, som eleven kan meistre. Eleven får eit kompetansebevis som viser kva mål i læreplanen som er gjennomført.

**VISSTE DU AT PÅ BØMLO FINNES  
SIEMENS ENERGY AS, AVDELING FOR  
UNDERVANNSSENSORER -**

EN ARBEIDSPLASS MED VERDENSLEDENDE  
TEKNOLOGI INNEN TRYKK OG TEMPERATURMÅLING  
PÅ HAVBUNNEN?

På Ternetangen finner du oss. Vi har siden midten av 80-tallet utviklet svært avansert teknologi for måling av blant annet trykk og temperatur til olje- og gassindustrien verden over. Vi er den desidert største leverandøren av slike produkter globalt. Minst 40% av all olje og gass som produseres på havbunnen et eller annet sted i verden går forbi en av våre sensorer.

Bedriften har gode ordninger for ansatte med blant annet treningsrom, innarbeidning av inneklemta dager gjennom at vi arbeider 7,7 timer hver dag, velferdsforening som arrangerer sosiale samlinger og aktivitetar i samarbeid med bedriften. Bedriftshelsetjeneste, gode pensjons- og forsikringsordninger mm.



**SIEMENS  
energy**

**Spennende?**

Vi presenterer gjerne bedriften ytterligere for deg om du tar kontakt.

**Kontakt:**

Are Matthiesen **Mobil: 920 11 472**  
are.matthiesen@siemens-energy.com  
www.siemens-energy.com



# Bømlo vgs.

## Vestland fylkeskommune

**Lokasjon Leite:** Leitedåvane 8, 5445 Bremnes

**Lokasjon Rubbestadneset:** Austbøvegen 16, 5420 Rubbestadneset

**Postadresse:** Postboks 163, 5445 Bremnes

**Telefon:** 53 42 38 00



**Søknadsfrist  
1. mars**



Les meir på:  
[vilbli.no](http://vilbli.no)